

Grøne obligasjoner i SFE

SFE sitt rammeverk er av Cicero rangert som “mørk grøn”.

Fornybar kraft frå vatn og vind

Kjerneverksemda til Sogn og Fjordane Energi er tufta på produksjon, overføring og omsetjing av klimavenleg energi frå vasskraft. Vi søker å utnytte vassressursane på ein effektiv og berekraftig måte, med skånsam bruk av naturen. Vi produserer kvart år om lag 2 TWh fornybar energi ved 27 vasskraftanlegg i Nordfjord, Sunnfjord og Sogn. Det svarar til det totale forbruket for om lag 130 000 husstandar. I tillegg eig SFE to vindkraftprosjekt (100 %) og har 10 % eigarskap i to andre i lag med Falck Renewable Vind.

Produksjon av fornybar og utsleppsfri energi er avgjerande for å nå nasjonale og internasjonale klimamål. I vår region bidreg vasskraftproduksjon, forutan arbeidsplassar og verdiskaping, med viktig flaumdemping som sikrar busetting, infrastruktur og naturverdiar langs vassdraga. Regulerbar energi frå vatn lagra i fjellmagasin har høg verdi fordi det kan nyttast ved behov. I tillegg til uregulerbar kraft gjev dette bidrag til den felles europeiske energimarknaden og sikrar trygg elektrisitetsforsyning til samfunnet over døgn og år. Bygging av nye vasskraftverk i Østerbø (58 % SFE-eigd) og Jølstra (50 % SFE-eigd) samt vindkraftverk på Lutelandet (100 % SFE-eigd) vil totalt tilføre om lag 540 GWh ny fornybar energi til denne marknaden.

Kraftliner og smartnett

Innføring av automatiske strømmålarar (AMS) legg til rette for ein smartare bruk av straumnettet. Dette er eit viktig klimabidrag mellom anna fordi det påverker miljøhaldningar og fordi smartare bruk vil redusere behovet for nytt straumnett.

Frå Sandane til Reed (Gloppen kommune) erstattar vi eksisterande 66kV line med ny 132 kV-line på grunn av behovet for auka kapasitet. Investeringa vil på kort sikt firedoble teoretisk kapasitet på linja. Når driftspenning på linja vert auka til 132kV vil overføringskapasitet verte dobla i høve dagens situasjon. Vi legg til grunn at linja vil føre til ca 20 MW ny produksjon i området på sikt. I tillegg vil linja redusere overføringstap i nettet mellom Sandane og Reed til ca ¼ av tidlegare nivå ved same overføring.

For å legge til rette for meir fornybar energi, må SFE auke overføringskapasiteten i straumnettet. Den nye **132 kV-lina Guleslettene-Ålfoten** (Bremanger) gir nettilgang til Guleslettene vindpark på 197 MW, som har ein stipulert årleg produksjon på 671 GWh.

Den nye **22kV-lina Skorge-Borgundvåg** er under bygging for å kunne ta i mot produksjonen frå nye Okla vindkraftverk på Stad som står ferdig ved utgangen av 2021. Lina var ferdig hausten 2020. Vindparken har ein kapasitet på 21 MW og vil ha ein stipulert årleg produksjon på 75 GWh.

Vi har starta eit omfattande prosjekt, **Ytre Y**, for å betre nettkapasiteten i Ytre Nordfjord. Dette består av fleire delprosjekt som omfattar både bygging av nye linjer og ein ny trafostasjon. Desse prosjekta vil samla vere med på å styrke leveringstryggleiken i regionen og samtidig legge til rette for både ny fornybar energi og høgare forbruk i samband med elektrifisering og nye grøne næringar.

Grøne obligasjoner i SFE

Framstilling av investert beløp finansiert av grønne obligasjoner pr. 31.12.2020:

Fornybar Kraftproduksjon	Prosjektkostnad (SFE sin andel) (MNOK)	Investert/ refinansiert pr. 31.12.2020 (MNOK)	Fornybar produksjon (SFE sin andel) GWh	Reduksjon CO2 (tonn)*
Svelgen III og IV kjøp kraftverk (56% SFE) (refinansiering)	957	200	234	73 559
Østerbø Kraftverk (58% SFE)	503	489	96	30 146
Jølstra Kraftverk (50% SFE)	402	328	113	35 438
Lutelandet Vindkraftverk	609	217	150	47 250
Sum prosjekt kraftproduksjon	2 470	1 234	592	186 392
Andel grønne obligasjoner			287	90 473
Smartnett og kraftlinjer	Prosjektkostnad (SFE sin andel) (MNOK)	Investert pr. 31.12.2020 (MNOK)		
AMS (smarte strømmålarar)	88	88		
Kraftline Sandane-Reed 132 kV	66	66		
Kraftline Guleslettene-Ålfoten 132 kV	166	147		
Kraftline Skorge-Borgundvåg 22 kV	32	32		
Kraftline Ytre Y, 132 kV linje ytre Nordfjord	260	52		
Sum smartnett og kraftlinjer	612	385		
Sum grønne investeringar i følge rammeverket	3 082	1 619		
Grønne obligasjonslån storleik		1 200		
Utbetalt godkjende investeringar i følge rammeverket		1 200		
Lån frå Nordiske Investeringsbanken (NIB) til finansiering av Østerbø kraftverk		300		
Rest grønne investeringar i følge rammeverket som er finansiert av andre kjelder		119		

*) Emission factor for electricity: Combined Margin 315 g CO2/kWh. Nordic public sector issuers: Position Paper on Green Bonds Impact Reporting, February 2020

Grøne obligasjoner i SFE

Fordeling av investeringar i følge rammeverket:

Kategori	MNOK	%-andel
Vasskraft refinansiering	200	12 %
Ny vasskraft	817	50 %
Ny vindkraft	217	13 %
AMS og kraftliner	385	24 %
Sum	1 619	100 %

Grøne obligasjonslån:

ISIN	Emisjonsdato	Forfallsdato	Rente	Beløp emitert (MNOK)
NO0010822984	23.05.2018	23.05.2025	3,00 %	300
NO0010822992	23.05.2018	23.05.2028	3,34 %	200
NO0010849979	24.04.2019	24.04.2024	3M Nibor +0,73 %	200
NO0010849987	26.04.2019	26.04.2027	2,85 %	200
NO0010894579	29.09.2020	29.09.2023	3M Nibor +0,60 %	300
Sum				1 200